

Saksbehandlar: Birte Tuxen Bø, Næringsavdelinga  
Sak nr.: 15/11943-1

## Revisjon av retningsliner for kommunale næringsfond frå 01.01.2016

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

**Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Hovudutval for næring og kultur vedtek retningsliner for kommunale næringsfond frå 01.01.2016 i tråd med endringar føreslått i vedlegg 1.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

### Vedlegg:

1. Framlegg til nye retningsliner for kommunale næringsfond, gjeldande frå 01.01.2016
2. Forskrift kap. 551, post 60 og 61
3. Retningsliner kap. 551, post 60 og 61
4. Notat for rolledeling i finansieringssaker
5. NVE konsesjonsavgift 2015

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Innleiande**

#### 1.1 Innleiande

Sogn og Fjordane fylkeskommune tildeler midlar til kommunale næringsfond i Sogn og Fjordane. Midlane skal bidra til å utvikle kommunane til å verte betre støttespelarar for entreprenørar og lokalt næringsliv, og vert finansiert av regionale utviklingsmidlar (kap. 551, post 60) som fylkeskommunen får frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

#### 1.2 Litt om ordninga kommunale næringsfond

Alle kommunane i Sogn og Fjordane blir omfatta av ordninga med kommunale næringsfond. Nokre kommunar fell likevel utafør ordninga som fylgje av at dei har kraftinntekter over gitte beløpsgrenser (storleiken på konsesjonsavgifta).

Kommunar som har inntekter frå konsesjonsavgift mindre enn 2 mill. kr, kjem automatisk inn under ordninga. Kommunar som kjem inn under ordninga må oppfylle fire krav for å få tildelt midlar. Dei må ha:

- retningslinjer for bruk og forvaltning av næringsfondet
- eit tilfredstillande næringsapparat, der minimum ein person i 50 % stilling skal vere disponibel for oppgåver knytt til førstelinetenesta og kontaktinformasjon er lett tilgjengeleg for målgruppa
- ein strategi for næringsutvikling og
- årsrapport

Det er gitt utfyllande vilkår for kvart av desse punkta i retningslinjene.

Retningslinjene opnar for stimuleringstilskot for felles førstelineteneste og felles næringsfond:

- Kommunar som kan dokumentere at dei har felles førstelineteneste med andre kommunar kan få inntil kr. 100 000 i stimuleringstilskot kvar.
- Kommunar som har felles næringsfond kan også få inntil kr. 100 000 kvar i stimuleringstilskot. For å få full utteljing vert det føreset at alle fondsmidlar vert lagt inn i eit felles fond. Det er høve til å etablere regionale fond også over fylkesgrensene.

Stimuleringstilskotet skal leggst på fondet, og skal ikkje gå til administrasjonskostnader. Det er sjølvstøtt ein føresetnad at kommunen sørgjer for finansiering av førstelinetenesta som ikkje er i strid med regelverket.

Alle kommunane i fylket kan få stimuleringstilskot.

Når stimuleringstilskota er fordelt, vert 60 % av dei resterande midlane fordelt likt mellom kommunar som oppfyller krava til å få løyvd midlar til kommunale næringsfond, dei siste 40 % av midlane vert fordelt på grunnlag av folketal i kommunane.

### 1.3 Gjeldande retningslinjer

Kommunar som får tilført midlar til kommunale næringsfond frå fylkeskommunen må til ei kvar tid fylgje regelverket for regionale utviklingsmidlar over Statsbudsjettet kap. 551, post 60 og 61 (retningslinjer og ei forskrift), retningslinjer for kommunale næringsfond frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, eit notat for rolledeling i finansieringssaker (mellom kommunane og Innovasjon Norge), samt statens økonomiregelverk og lover som til dømes forvaltningslova og innkjøpslova.

### Utlysning gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no)

I 2014 vart det obligatorisk å nytte søknadsmodulen i [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). No må alle som ynskjer midlar frå kommunale næringsfond (og fylkeskommunen) søkje gjennom denne sida. Det er også obligatorisk å rapportere til KMD gjennom denne nettsida.

## **2. Bakgrunn**

### 2.1 Bakgrunn for at saka er reist

Fylkeskommunen sine retningslinjer for kommunale næringsfond er tidlegare vedtekne av hovudutval for plan og næring, frå no av hovudutval for næring og kultur. Retningslinjene skal kunne reviderast kvart år, men endringane skal ikkje ha verknad før året etter at dei er vedtekne. Unnataket er dersom nasjonale føringar gjer det naudsynt med endringar i tildelingsbrevet.

### 2.2 Nærare omtale

Hovudutval for plan og næring vedtok nye retningslinjer for kommunale næringsfond 5.februar 2014. I denne saka legg vi fram ein mindre revisjon av retningslinjene (vedlegg nr. 1), gjeldande frå 1.januar 2016.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) skal i desember 2015 vedta retningslinjer for kap. 551, post 60 og 61, gjeldande frå 2016. Det er ikkje noko som tyder på at det kjem større endringar i retningslinjene frå KMD, som også gjeld kommunale næringsfond. I denne omgang ynskjer vi derfor ikkje å gjere store endringar i retningslinjene frå fylkeskommunen, men skulle det likevel kome større endringar frå KMD er det ynskjeleg med ein ny revisjon av

retningslinene for kommunale næringsfond tidleg på nyåret 2016, noko retningslinene opnar for.

### **3. Vurdering**

Det kan vere ei vurderingssak kor omfattande fylkeskommunen sine retningsliner skal vere. Retningslinene til KMD er omfattande, med 19 sider inkludert presisering av EØS-retningslinene. Det gjeld ei eiga forskrift for bruk av midlane, og i tillegg gjeld statens økonomiregelverk og lover som til dømes forvaltningslova og innkjøpslova. Vi tykkjer det difor er greitt å ta opp dei viktigaste presiseringane knytt til kva som er lovleg og ikkje lovleg i retningslinene. Samstundes bør dei ikkje verte for omfattande, og kommunane må kunne gå i andre dokument for å finne detaljerte presiseringar.

Vi lagar også eigne oversikter med eksempel og presiseringar av kva som er lov og ikkje gjennom case på saker som er sendt til kommunane

Ofte kjem det overordna føringar eller presiseringar i oppdragsbrevet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Slike ynskje og eventuelle føringar ynskjer vi å vurdere i tildelingssaka, som kjem opp i mars 2016, dersom det er naudsynt og elles informere kommunane i tilskotsbrev.

Endringane vi no har gjort i retningslinene frå 2016 framkjem i vedlegg nr. 1. Vi har nytta spor endringsfunksjonen i gjeldande retningsliner.

I tillegg til meir språklege endringar har vi gjort desse endringane:

- Under punkt 2.2 *Strategiar for næringsutvikling* har vi teke vekk fylkesplan og lagt inn regional planstrategi og verdiskapingsplanen, då verdiskapingsplanen gjeld overordna for verkemiddelbruken gjennom kommunale næringsfond
- Under punkt 8. *Avgrensing i bruk av midlar* har vi lagt inn eit avsnitt om samfinansiering.
- Under punkt 9. *Prioriterte målgrupper og satsingar* har vi lagt inn at kommunane skal prioritere satsingar som tek miljøomsyn.

### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å vedta retningslinene frå 01.01.2016 slik dei ligg føre i vedlegg nr. 1.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)